



Rognaldsen Eiendom As  
v/Sverre Larsen Gangstøvegen 24  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14628 - 23/65052

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
22.08.2023

## Svar på spørsmål angående avløpsløsning - gbnr 133/14 Soltveit søndre

Alver kommune viser til vårt brev datert 10.01.2023 med krav om utbetring av avløpsanlegg. Du har i e-post datert 16.07.2023 informert om at bygget inneheldt 3 leiligheiter der det totalt bur 8 personar.

VA-avdelinga har i e-post datert 03.01.2023 informert om at det vil bli installert kommunal avløpsleidning i området, men at dette ligg noko fram i tid. Det vil ikkje være mogleg å kople seg til kommunal avløpsleidning no utan at denne kjem i konflikt med framtidig hovudleidning for vatn og avløp.

Alver kommune vurderer at vi kan godkjenne ei løysing der du installerer ny slamavskiljar med same størrelse som den eksisterande fram til kommunal hovudleidning for avløp er på plass. Skifte av slamavskiljar til ny med same størrelse og reinsegrad krev ikkje søknad til kommunen.

Du må inngå tømmeavtale med Norva24 slik at tanken vert tømt minimum 1 gong per år. Dokumentasjon på tømmeavtale må sendast kommunen. Når ny hovudleidning for avløp er på plass, vil du få krav om påkobling til kommunalt avløp.

Vi gjer oppmerksom på at vi ikkje kan sjå at leiligheitene i bygget er søkt om etter plan- og bygningslova. Alver kommune vil vurdere om dette forholdet skal følgast opp i eigen sak.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Rognaldsen Eiendom As

v/Sverre Larsen  
Gangstøvegen 24

5911 ALVERSUND